

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		15/522

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
29/2015	Utval for levekår	PS	12.05.2015

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår - 29/2015

ULK - behandling:

1. Krf v/Kåre Skibenes: Ønskjer ei orientering om framdriftsplan for SWOT-analyse for skuleeigar. Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen orienterte.
2. Krf v/Kåre Skibenes: Ønskjer ei orientering om status for etter- og vidareutdanning innan skulesektoren. Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen orienterte.
3. SP v/Sølvi Knudsen:
"Hesteriding på tradisjonelle turstiar, ikkje ønskjeleg.
Det er i Meland mange turstiar som har vore i bruk i mange år. Samstundes er det mange områder som i dag får nye eller sterkt forbetra turstiar. Dette er viktig for innbyggjarane i Meland. Det er periodevis mykje nedbør og stiane vert prega av det. Av den grunn er det viktig at dei vanlege turstiane skal prioriterast for fotfolk og ikkje av ridehestar, då hestetråkk er svært øydeleggjande på stiane. Eg vonar difor at det vert skilta framfor dei turstiane som ikkje tåler hestetråkk. Det er nokre vegar utanfor allfarveg som tåler hestetråkk og dei må kunne stetta den trong ridande har for opplevingar "i det fri".
Dersom det er personar som ikkje kan koma seg ut i naturen generelt, eller på ein fjelltopp, på eigne bein, kan det gjevast dispensasjon i periodar der det er tørt og det gjer mindre skade på stiane. Slik dispensasjon gjeld sjølvstilt til dei som driv med ridning og som har løyve til ridning for personar med nedsett funksjonsevne.
Vonar at ULK kan be Kulturavdelinga sjå på denne saka og vurdera kva stiar som ikkje bør brukast av hesteriding og kva sti/vegar som kan brukast til føremålet. Dette bør gjerast i samråd med aktuelle lokalmiljø som kjent i området."
4. SP v/Sølvi Knudsen: "Utflytting etter dødsfall frå Meland Sjukeheim, Lerketunet og kommunal omsorgsbustad.
Personar som er busett i ein av dei nemnde bygningane, har flytta der til med møblar og ting, og det er med andre ord deira heim.

Når personar døy og som har hatt sin heim på Meland sjukeheim, Lerketunet, eller i kommunal omsorgsbustad, vert pårørande, berre nokre dagar etter dødsfall beden om å rydda husværet.

Ei slik ordning kan ein ikkje akseptera. Det må verta gitt rimeleg tid for pårørande til å pakka ned og flytta ut frå det som har fungert som heimen til avdøde.

Eit minimum med tid må vera at ein slepp å halda på med flytting før den døde er gravlagt.

ULK ber om at det vert utarbeidd retningsliner der ein tek omsyn til pårørande sine kjensler og at slike retningsliner vert gjort kjent saman med anna informasjon når den einskilde bebuar flyttar inn.

Det må også vurderast opp mot kor lang tid avdøde har betalt husleiga eller for tenestene.

ULK - vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.